

A.P. Inderhaugs veg	Vegen går nedover frå riksvegen, innpå Lundhaugen og ned mot Gjølshaugen, dvs. at han går "innom hauga", sjå <i>Innom haugen</i> . Namn etter lærar Anton Hilmar Inderhaug (1880-1962). Lærareksamen frå Volda i 1904. Han var i Bud i heile si lærargjering. P-en står for farsnamnet, som var Per.		
Abikelhaugen	Haug utom Lundhaugen, eit høgdedrag frå der brannstasjonen no står, og nedover mot Stranda. Haugen er oppkalla etter madam Persen som heitte Abigal Marie Persen. Ho døydde i 1826.	Uttale: aˈbikelhæu'n	
Bankvegen	Går frå hovudvegen opp Smibakken og nordaustover i retning Fjøshaugen. Vegen blei først omtalt som "Husbankgatå", for mange hus blei bygd der på 1950- og 1960-talet med lån frå Husbanken.		
Bergavegen	Vegen som tek av frå Strandavegen og går ned til Berget.		
Bergesnagen	Nedste enden av berget mot sjøen frå Berget.	Uttale: bæрге`snajinj	
Berget	Gardsbruket her kan ha komme til på 1700-talet, og det blei ei tid kalla Lensmannsberget. Her budde nemleg lenmann Sæmund Hansen Berget (1755-1825) i si tid.	Uttale: ˈbærje	
Bergevågen	Vågen	Uttale: bæрге`våjinj	
Bergsetvegen	Vegen går frå Vågen og nordover mot Kjeksa og Bergset forbi Skreddargjerdet. Stod ferdig i 1885.		
Brenslen	Ei husklyngje frå Fjøra og ut mot Ivergarden. Namnet kjem truleg frå arbeidet med å brenne tran, som var siste prosessen med levra (eller dragsen) for å få ut den siste trana. Namnet er førstegong nemnt i 1801, og husklyngja var nok relativt ny då.	Uttale: ˈbrènnjslinj	
Brenslevågen	Ytste vågen i hamneområdet, går opp utom Tunga og opp til Brensen og Svenshammaren.	Uttale: brènnjsle`våjinj	
Buakyrkja	Kyrkja blei reist i tida 1709-1717 etter at ei tidlegare kyrkje brann ned i 1706.	Uttale: bua`kjerkjå	
Buaværet	Sjå <i>Bud</i> og <i>Været</i>	Uttale: bua`være	
Bud	Namneforma er ein eldre skrivemåte av ordet <i>ei bu</i> . Ordet er her brukt om rorbuer, som dei tilreisande fiskarane budde i mens dei oppheldt seg i været under sesongfiska. Denne betydninga av <i>bu</i> finn ein mangstad langs kysten. At Bud blei helst brukt til sesongfiske, gjaldt nok fram til 1400-talet. Viktigaste sesongen var torskefisket i tida februar-mai. Betydninga av namnet kjem òg fram i at ein brukar preposisjonen <i>i</i> , altså: <i>i Bud</i> . (Der namnet Bu kjem av <i>ei bu</i> (= gard), brukar ein <i>på</i> .) At me her har med hokjønnsordet å gjere, kjem dessutan fram i at ein i samansetningar har ein bindevokal <i>-a-</i> : <i>Buaværet</i> , <i>Buadjupet</i> , <i>Buakyrkja</i> osv. Jamfør òg <i>Buaværet</i> og <i>Været</i> .	Uttale: bu	

Båthaugen	Dette er haugen eller berget rett austom ungdomshuset Breidablik. Dit går (eller gjekk) ei jamn stigning frå Vågaelva. Det er muleg at namnet kjem frå den tida Brenslevågen gjekk ope heilt opp i Vågaelva, og då ingen molo verna mot havet. Då var dette ei sikker skråning å berge båtane opp i frå styggevēret. Og ikkje minst var det trygt å ha båtane ståande der over lengre tid. Før Vågaleira blei attfylt, stod springfloda overover i elva nesten dit lōa oppi Vågen no står.	Uttale: bātæu'n	
Ergaenden	Lengst aust på Ergan.	Uttale: æra`ennjinj	
Ergan	Haugen mellom Været og Vika. Namnet kjem truleg av eit gammalt substantiv <i>erg</i> , som heng saman med adjektivet <i>arg</i> (= 'sint, gretten'). Ei slik namngjeving kan komme av assosiasjonar til vēret, jf. uttrykk som 'Han e jammen arg i dag!'. I så fall kan namnet vere sett fordi denne haugen gav livd for storhavet og det arge styggevēret utafor. Same namnet er òg brukt andre stader, m.a. om ei hard og 'arg' elv. Dersom denne forklaringa stemmer, må namnet vere frå før vikingtida, dvs. at det er av dei eldste namna i Buaværet.	Uttale: ærganj	
Fjellet	Det daglege namnet for Gulberget. Sjå <i>Gulberget</i> .	Uttale: `fjèllje	
Fjellvegen	Denne vegen frå Korsvegen og eit stykke opp mot Gulberget. Han var bygd før 1885.	Uttale: `fjèlljvè'n	
Fjøra	Fjøra som gjekk frå Svensshammaren og utover mot Strupen. No er det meste attfylt og Vågavegen går over. Huskrullen utapå er òg kalla Fjøra. Den er førstegong nemnt i 1773.	Uttale: `fjōrå	
Fjøshaugen	Haug nordaust frå Bud Auto. Her stod i si tid ein sommarfjøs; dvs. at det her gjekk krøter om sommaren for å spare på fōret nærast bruket i Vågen. Graset på heimeattlegene skulle ein ha som høyt til vinteren.	Uttale: `fjøsæu'n	
Frisneset	Neset ned frå Ergan mot Lisesundet. Oppkalla etter kjøpmannen Johan Nilsen Friis, som var kjøpmann i Lisle-Fosna (no Kristiansund) midt på 1600-talet. Han for i Bud som fiskekjøpar, gifta seg med dotter hans Iver Helt, og han fekk kjøpt og skilt ut Frisneset, der han sette opp sjøhus.	Uttale: `frisnæse	
Gjerda	Fellesnamn for Persengjerdet og Skomakargjerdet. Dette er bruk som blei oppdyrka tidleg på 1800-talet.	Uttale: `jera	
Gjerdet	Blir bruk som namn både om alle Gjerda (sjå det) og om kvart enkelt av dei tre Gjerde-bruka. (Kanskje mest om Skreddargjerdet.)	Uttale: `jere	
Gjølet	Eit gjel som går tvers igjennom Gjølsaugen. Ein ser det tydelegast på sørsida (innsida) av haugen, for der var holet djupt, slik at ein kunne gå inn.	Uttale: `jøLe	
Gjølsaugen	Haugen mellom Lundhaugen og Kipersundet. Namnet kjem av <i>Gjølet</i> , dvs. gjelet som går tvers igjennom haugen. Namnet er førstegong nemnt i 1661. Sjå <i>Gjølet</i> .	Uttale: `jøLsæun	

Hagen	Bruk ned mot Berget. Namnet blei laga då Olaus Hagen kjøpte bruket og bygde hus der tidleg på 1900-talet.	Uttale: `hajinj	
Haugabakken	Bakken frå Haugen og ned mot Vika.	Uttale: hæua`bakkjinj	
Haugen	Eigedomen på sørvestsida av Ergan ned mot Kleppen.	Uttale: `hæu'n	
Hjellberget	Eit berg på innsida av Bergevågen. No har utfyllinga dekt over berget. Berget eller berga fekk namnet sitt etter fiskehjellar, som i si tid må ha stått der til å tørke fisk på. Hjellberget (eller Hjellberga) blei brukt òg til å tørke kleppfisk på, særleg den tida fiskarane (og familien) stod for tørkinga sjølv.	Uttale: `jèlljbærje	
Hostadbakken	Strekninga frå den gamle Vågaelva og opp til Korsvegen, dvs. forbi handelshusa til O.L. Hostad. Bakken blei før kalla Gabrielsenbakken, etter forgjengaren hans Ole Hostad. O.L. Hostad flytta til Bud frå Hustad tidleg på 1900-talet. Han åtte òg litt jord, jf. <i>Hostadmarka</i> .	Uttale: hosta`bakkjinj	
Hostadmarka	Var namnet på ein jordteig, som det no er nybyggjarfelt på. Handelsmannen O.L. Hostad åtte denne teigen, og namnet hans kjem frå Hostad på Hustad. O. L. Hostad flytta til Bud tidleg på 1900-talet.	Uttale: hosta`markja	
Høymola	Ei flede (eit skjer) med stong vestom Torhaugberga, dvs. inne i hamna. Namnet kan kanskje komme av at jarnstøtta som blei reist der, minte om ugrasplanten høymol.	Uttale: `høymoLa	
Innom haugen	Dette er området innom (sørom) Lundhaugen og Gjørshaugen. Namnet blir nok òg brukt i fleirtal: <i>Innom haugan</i> . Det er litt spesielt at me har tek med sjølvpreposisjonen i namnet. Namnet er førstegong nemnt i 1701. Etternamnet Inderhaug er eigentleg eit gammalt og famlande forsøk på å gje att dette namnet i skrift, som var nødvendig i forskjellige register.	Uttale: `innjom hæu'n	
Inste Molja	Delen av moloen som går frå Moljegapet og til Nørdre Kiperholmen. Sjå <i>Molja</i> .	Uttale: `innjste moljå	
Iver Helts veg	Denne vegen går frå Smibakken ved tidlegare Bud Handel og går utover mot Ivergarden. Namnet viser til Iver Helt, som var sokneprest i Bud i tida 1644-1669. Sjå <i>Ivergarden</i> .		
Ivergarden	Området utom Brenslevågen. Husa i Ivergarden stod ferdige i 1661. Presten Iver Helt (1644-1669) fekk bygd dei, og bruket og området fekk namn etter han. Han blei prest i Bud frå 1644, men han budde på kappelan-garden på Bergset til han fekk bygd Ivergarden. Han er kjent i segntradisjonen for å ha stoppa ein svenskehær frå å komme til Bud i 1658. Namnet Helt viser at Iver eller slekta hans kom frå Shetland (som tidlegare heitte Hjaltland).	Uttale: `ivergar'n	
Kaivegen	Kort veg som går frå Strandavegen og ned til Allmenningskaia, nedom Torhaugen.		

Keila	Ei trong vik som skar seg opp i berga nedom Berget, dvs. der Cod Fish er i dag. Ein kunne ro inn i Keila på flod sjø. På 1970-talet blei ho attrausa. Betydninga er at denne sprekka 'kila' seg opp i berget.	Uttale: `kjèlå	
Kipersundet	Namnet er laga med utgangspunkt i ordet <i>kiper</i> , som er eit lågtysk ord for tynnemakar (dvs. <i>küper</i>). Tynnemakarane representerte eit viktig handverk etter at silda blei viktig salsvare. Her har det da kanskje budd ein kiper i si tid, f.eks. på 1600-talet då ein med tilnamnet Kipers er nemnt. Sjølv namnet <i>Kipersundet</i> er førstegong nemnt i 1773. (Den tradisjonelle uttalet tilseier at namnet skal skrivast med ein p.) Namnet er brukt både om sjølv sundet og om neset ned mot sundet. Og i kortform heter det berre <i>Sundet</i> .	Uttale: `kjipersynnje	
Kipersundsvegen	Vegen går frå riksvegen og nedover mot Kipersundet. Her heitte det før berre Vegen, og at "dei budde på Veia". Sjå <i>Kipersundet</i> .		
Kleppaberga	Berga nedom Kleppen, ned mot sjøen. Desse berga blei brukt til å tørke kleppfisk på så lenge bergetøring var praktisert.	Uttale: kLæppa`bærja	
Kleppen	Berga og husa som ligg innom Frisneset.	Uttale: `kLæppen	
Klubben	Berga nordom Kipersundet, dvs. snagen vestom Stranda. Ordet <i>ein klubb</i> betyr 'høgt avrunda nes, bergknaus'.	Uttale: `kLubben	
Kolbeinhagen	Haugen der tidlegare Bud Handel står. Kven denne Kolbein var, er uvisst.	Uttale: kåLLbèn`hæu'n	
Korsvegen	Vegkrysset der Bergevegen-Fjellvegen kryssar riksvegen (=), dvs. mellom Breidablik og Bud samyrkelag (Coop). Riksvegen var ferdigbygd i 1847.	Uttale: `kårshæun	
Kristengarden	Utom Ivergarden. Første husa her blei bygd av Kristen Povelsen Morsing noko før 1700, og fekk altså namn etter han. Denne handelsmannen kom frå Trondheim kring 1680.	Uttale: `kress'ngar'n	
Krækjebærhaugen	Haugen nordaust for Vågen. Namnet fortel nok at det her var krækje å finne i si tid. Slik bær har det neppe funnest der etter hangen blei oppdyrka til beite. Krækjebæra blei nytt til syltety før.	Uttale: `krekjeberæun	
Kyrkjehagen	Marka innom (søraust for) kyrkja. Òg kalla Søre Hagen.	Uttale: kjerkje`hajinj	
Kyrkjevegen	Vegen går rett utom Buakyrkja på innsida av Ergan.	Uttale: kjerkje`vè'n	
Lundhaugen	Haugen innom Været der aldersheimen no er plassert. Namnet er noko uklårt, men uttalen tyder helst på at det kjem frå eit personnamn, og det kan dermed vere tale om ein av prestane Peder og Jakob Lund (uttalt <i>lonnj</i> , som er vanleg i Trøndelag der dei kom frå). Dei var prestar på Aukra etter kvarandre og budde der i tida 1725-1754. Bud var då anneks under Aukra slik at dei to var prestar i Bud òg. Matrikkelgarden Kalvsvika, som Lundhaugen ligg under, var dessutan i kyrkjeleg	Uttale: `lonnjæun	

	eige. Jakob Lund sette i gang skule i Bud i 1750 og fekk ros frå amtmannen for det. Ei Lund-dotter blei dessutan gift i Vika i Bud, slik at tilknytningane til Lund-presten var mange.		
M. Robinsons veg	Namnet etter kjøpmann Marius Robinson (1892-1970), som var ordførar i tidlegare Bud kommune i tida 1938-1940 og i 1945.		
Mansonigarde n	Utom Kristengarden. Denne plassen har namnet etter tollbetjent Mansoni, som budde her på 1770-talet.	Uttale: `mansonigar'n	
Maritleira	Leira inst i Brenslevågen. Leira blei attfylt på slutten av 1950-talet. Namnet er etter Marit i Hammara, dvs. at ho budde i Svensshammaren. Ho levde først på 1900-talet. Same leira heitte før <i>Tungehaugleira</i> .	Uttale: marit`lèrà	
Markahaugen	Haugen nordom Fjøshaugen. Ligg på Markan.	Uttale: marka`hæu'n	
Markan	Området nordvest for Fjøshaugen der stordelen av Bankvegen går i dag.	Uttale: markanj	
Markavegen	Vegen går frå Smibakken og nordaustover mot Markahaugen. Parallellveg til Bankvegen.		
Martin Withs veg	Vegen går nedover på Frisneset frå hovudvegen rundt Ergan. Namnet er etter forretningsmannen With, men det er truleg sikta til Michael H. With.		
Molja	Dette er moloen i Bud, og ein kan snakke om Inste og Ytste Molja, dvs. dei delane som står på kvar si side av <i>Moljegapet</i> . Ordet <i>molje</i> har komme til norsk frå nederlandsk (og er opphavleg gresk). Ordet kom kanskje då eit av dei tidlegaste moloanlegga blei bygd, nemleg det i Ålesund på 1850-talet. Molja i Bud blei bygd i to etappar: Eldste beten på 110 m, dvs. den som er støypt i to gåplan, blei bygd i tida 1884-1888. Resten blei påbegynt i 1939 og avslutta i 1951.	Uttale: `moljå	
Moljegapet	Innløpet mellom Ytste og Inste Molja. Sjå <i>Molja</i> .	Uttale: molje`gape	
Musaskjeret	Skjeret som er innbygd i Inste Molja. Namnet kjem truleg frå forma på skjeret.	Uttale: musa`sjære	
Neset	Dette namnet blir gjerne brukt om Frisneset når ein er i Buaværet. Då heiter det <i>på</i> Neset, f.eksl "utpå Neset". Men namnet blir òg brukt om <i>Kalvsneset</i> , og då heiter det <i>i</i> Neset, f.eks. "inni Neset". Sjå <i>Kalvsneset</i> .	Uttale: `næse	
Nørdre Buataren	Eit gryne med støtte som er gått inn i Ytste Molja nær Moljegapet.	Uttale: `nøre bua`tarinj	
P.B. Kristviks veg	Vegen går frå riksveg xx og nordaustover innom skulen. Namnet etter Peder B. Kristivik, som var lærar i Bud, han var ordførar i tidlegare Bud kommune i 1911-13, og han var stortingsmann for Arbeidarpartiet i tida??		
Persengjerdet	Nest inste av bruka i Gjerda. Marie Persen (òg kalla madam Persen) kjøpte dette jordstykket i 1788 og dyrka det opp. Dyrka potet her og fekk premie for dette	Uttale: `pers'njere	

	føregangsarbeidet frå Romsdals Landhusholdningselskab i 1801.		
Reset	Bustaden mellom Ivergarden og Kristengarden. Namnet kom med innflyttaren Ola Rasmussen Helseth, som kom frå Reset i Tresfjorden og tok i bruk same namnet då han bygde hus der i 1880-åra. Reset betyr 'høgdedrag, bergrygg', og slik sett kan det òg passe på landskapet her.	Uttale: ´rese	
Robinsonmarka	Vegen går til bustadfeltet mellom Ergan og xxhaugen, der Marius Robinson åtte og budde før. Jf. M. Robinsons veg.	Uttale: ´robinsånmarkja	
Sjåhaugen	Dette er eit vanleg namn langs kysten for haugar dit ein gjekk for å sjå utover havet etter båtane. Denne <i>Sjåhaugen</i> ligg rett vestom barakka åt Brødrene Sandøy AS.	Uttale: ´sjåhæun	
Sjåhaugsnagen	Berget eller "neset" (= snagen) sørvestover frå Sjåhaugen ned mot sjøen.	Uttale: ´sjåhæusnainj	
Skarabakken	Bakken i riksveg 664 på utsida av Skardet. Etter oppløftingane av riksvegen har bakken blitt mindre med tida.	Uttale: skara`bakkjinj (eller `skarbakkinj)	
Skreddargjerdet	Ytste av bruka i Gjerda. Hans Gjerde, som budde der tidleg på 1900-talet, var skreddar.	Uttale: skreddjar`jere	
Skrivarhaugen	Namnet kjem frå skrivarane som futen brukte som hjelpesmenn i samband med tiende-innkrevjinga. Første skrivaren me veit om, Jakob Skrivar, er nemnt i 1597.	Uttale: skrivar`hæu'n	
Smibakken	Vegen og bakken frå Vågen og opp til austre enden av Ergan (dvs. til Ergaenden). "Gamle-Moen" bygde smie på sørvestre sida av veggen (men utom Kyrkjevegen). Bakken fekk namn etter den. Men denne smia blei riven då området blei underlagt tyskarane under krigen. Øvst i bakken, dvs. på Ergaenden bygde så Jon Moen ny smie etter krigen. Veggen opp denne bakken stod ferdig før 1885.	Uttale: `smibakkjinj	
Stranda	Bruk på sørsida av hamneområdet i Bud, ved Strandavågen. Førstegong nemnt i 1701.	Uttale: strannja	
Strandavegen	Vegen som tek av frå hovudvegen på Korsvegen og går ned forbi Stranda mot Kipersundet. Veggen frå Berget og opp til Korsvegen stod ferdig før 1885		
Strandavågen	Inste vågen i hamneområdet, går opp mot Stranda.	Uttale: strannja`våjinj	
Strupen	Dette var ei avlang "keile" som sjøen skola opp i mellom Fjøra og Brenslen. To små bergesnagar gjordet innløpet så smalt at det <i>strypte</i> sjøen, og av det kjem namnet. Iver Helts veg er bygd over Strupen, og inste delen blei etter kvart attfylt. Sist på 1950-talet kunne ein ikkje lenger sjå noko av sjøen innom veggen.	Uttale: strupinj	
Svennshamma ren	Haugen og hammaren vestom den gamle låna som Sverre Venås åtte. Uvisst kven denne Svenn, som gav	Uttale: ´svènnjshammar'	

	hammaren namn, var. Men det er ei god stund sia han levde, for namnet er førstegong registrert i 1773.	n	
Søre Hagen	Sjå <i>Kyrkjehagen</i> .	Uttale: `søre `hajinj	
Torhaugberga	Berga vestom Torhaugen.	Uttale: ´toræubærja	
Torhaugen	Dette gardsbruket må ha blitt skilt ut frå Stranda kring 1700, då namnet førstegong er nemnt. Nørdre delen av våningshusa skal vere bygd i 1780.	Uttale: ´toræun	
Tunga	Den lange og spisse snagen som skil mellom Brensløvågen og Bergevågen. Namnet blir nok mest brukt om ytste delen av snagen, dvs. utom Tungehaugen. Ordet <i>tunge</i> er mykje brukt i namn som beskriving på slike snagar. Førstegong nemnt i 1763.	Uttale: tongå	
Tungehaugen	Haugen som ligg midt på snagen ned mot Tunga. Førstegong nemnt i 1773. Sjå <i>Tunga</i> .	Uttale: tonge`hæu'n	
Tungehaug-hammaren	Hammar på sørsida av Tungehaugen ned mot det som før var Vågen. No er det attfylt der. Før henta ein sjøvatn der, for dette låg rett utafør den grunne Vågaleira, og her var det lett å komme til på nokre store steinar.		
Tungehaugleira	Sjå Maritleira.		
Vika	Huskrullen utom Ergan ned mot Lisesundet. Var kjøpmannsgard her i alle fall frå 1700-talet. Det store våningshuset brann ned under siste verdskrigen.	Uttale: vikja	
Vikabakken	Bakken i Vikavegen nedover mot sjølve gamle Vika.	Uttale: vika`bakkjinj	
Vikaberga	Dei nakne berga frå Vika og utover langs Lisesundet. Blei mykje brukt til kleppfisktørking.	Uttale: vika`bærja	
Vikaplana	Markateigen nordom husa som ligg nedover langs Vikabakken. Med ei <i>plan</i> er det nok sikta først og fremst til at det er svært flatt, men i tillegg kan det òg vise til at denne marka ligg høgare opp enn busetnaden (dvs. 'høgdeleie', som det gjerne står i ordbøker). Her er det blitt spela mykje fotball fram gjennom tidene.	Uttale: vika`pLana	
Vikavegen	Vegen som går frå Ergaenden og utom Ergan til Vika.		
Vollen	Namnet er brukt om ei slåttemark, og denne låg inst i Vågen/Bergevågen. Vollen var del bygd opp, og fremst mot Vågaleira låg det større steinar som verne mot sjøen.	Uttale: vål'nj	
Været	Forkorting for Buaværet. Eit vær er her brukt i betydninga 'fiskevær'. I Bud er det helst brukt om sentrumet, som i f.eks. <i>Hann for uti Været</i> og <i>Ho e inni Væra</i> . <i>Buaværet</i> og <i>Været</i> blei nødvendige ettersom <i>Bud</i> i administrativ samanheng fekk vidare betydning, både om kyrkjesokn, prestegjeld og kommune (frå 1837 til 1964). Fiskevær er ein busetnadsform som ein i hovudsak	Uttale: ´være	

	<p>finn i Nord-Norge, Trøndelag og sørover til Romsdal. Her budde folk tett, og dei aller fleste familieane baserte seg på fisket som einaste næringsveg. Ofte fanst det væreigarar, som åtte og rådde. Det var det ikkje i Bud.</p> <p>Jamfør òg <i>Bud</i>.</p>		
Vågaelva	<p>Elva som renn ut i Bergevågen. Elva blei lagt i rør og tildekt på 1960-talet. Elva samlar vatn frå nedslagsfeltet for Midtikummen ved Gulberget. Før det kom vassverk, kom folk til denne elva for å hente ferskvatn i bøtter som dei bar i børtre.</p>	Uttale: våga`æLva	
Vågaleira	<p>Ei nokså lang leire som gjekk frå utløpet av Vågaelva og utover i Vågen. No er heile <i>Vågaleira</i> tildekt (med søppel og fyllmasse).</p>	Uttale: våga`lèrà	
Vågavegen	<p>Vegen tek av frå hovudvegen i Vågen og går over inste delen av Brenslevågen, dvs. den attfylte Maritleira, forbi Svennshammaren og inn på Iver Helts veg utom Strupen.</p>	Uttale: våga`vè'n	
Vågen	<p>Sentrumet i Været, dvs. der riksvegane xx og xx møtest. Namnet er eigentleg namnet på gardsbruket som hadde våningshuset og fjøsen ståande nedom dette vegkrysset, nemleg på kvar si side av ein stig som gjekk ned på Tunga. Dette gardsbruket låg altså mellom Bergevågen og Brenslevågen i landskapet.</p> <p>Tidleg på 1900-talet blei det bygd nytt hus og fjøs lenger opp, rett overfor Bud Auto i dag, og det blei heitande <i>oppi Vågen</i>, og det opphavlege bruket <i>neri Vågen</i> (= nedi Vågen). Namnet Vågen er førstegong nemnt i 1618.</p>	Uttale: våjinj	
Ytste Molja	<p>Delen av moloen som går frå fastlandet og ut til Moljegapet.</p>	Uttale: `yste `moljå	